



OSELVARKLUBBEN

Referat frå Årsmøte 2009&2010 i Oselvarklubben 27. mars 2011

Årsmøte i Oselvarklubben for 2009 & 2010 vart halde i Mildnøstet søndag 27. mars 2011
Tilstade: 6 frammøtte, alle godkjende medlemmer.
Leiar Finn Totland opna årsmøtet kl. 17.00 og ynskte dei frammøtte vel møtt.

A. Godkjenning av frammøtte medlemmer

Alle dei frammøtte var godkjente medlemmer av Oselvarklubben.

B. Godkjenning av innkallinga

Det var ingen merknader til innkallinga

C. Sakliste:

Sak 1. Årsmelding 2009

Finn Totland gjekk i gjennom årsmeldinga ved å lesa opp overskriftene og spørja om det var nokre merknader.

Det var ingen merknader til årsmeldinga og årsmeldinga vart godkjent.

Sak 2. Årsrekneskap 2009

Kasserar Kjell Milde gjekk gjennom regnskapet som synte eit underskot på 12 877 kr. pr. 31. desember 2009. Merk at rekneskapsåret 2009 går frå 1. oktober 2008 til 31. desember 2009. Vidare gjekk ein gjennom rekneskapen for boka *Oselvaren – den levande båten* som vert ført som eit eige rekneskap utanfor Oselvarklubben sin rekneskap. Status ved utgangen av desember 2009 er at bokprosjektet har 5209 kr disponibelt. Det vart òg lese opp brev frå revisor som konkluderte med at rekneskapen gav eit korrekt bilete av Oselvarklubbens økonomi og at rekneskapen kunne tilråast godkjent.

Årsrekneskapen vart så samrøystes vedteken og styret vart gitt rekneskapsfridom.

Sak 3. Årsmelding 2010

Finn Totland gjekk i gjennom årsmeldinga ved å lesa opp overskriftene og spørja om det var nokre merknader.

Det var ingen merknader til årsmeldinga og årsmeldinga vart godkjent.

Sak 4. Årsrekneskap 2010

Kasserar Kjell Milde gjekk gjennom regnskapet som synte eit overskot på 107 935 kr. pr. 31. desember 2010. Det vart òg lese opp brev frå revisor som konkluderte med at rekneskapen gav eit korrekt bilete av Oselvarklubbens økonomi og at rekneskapen kunne tilråast godkjent.

Årsrekneskapen vart så samrøystes vedteken og styret vart gitt rekneskapsfridom.

Sak. 5. Framlegg frå styret

Det var ingen framlegg til handsaming.

Sak 6. Innkomne framlegg

Det var ingen framlegg til handsaming.

Sak 7. Val

Det var eit val i attvalets teikn, noko som vil seia fylgjande samansetning i 2011:

| | | |
|--------------------|----------------------|----------------------|
| Styret: | Leiar: | Finn Totland |
| | Nestleiar: | Magnus Stangeland |
| | Skrivar: | Kjell Magnus Økland |
| | Kasserar: | Kjell Milde |
| | Styremedlem: | Terje van der Meeren |
| | Styremedlem: | Kjell Totland |
| | Varamedlem: | Svein Økland |
| Revisor: | Egil T. Pedersen | |
| Målekomite: | Kjell Totland | |
| | Finn Totland | |
| | Terje van der Meeren | |
| | Stein Olav Drange | |
| | Svein Økland | |
| Bokkomite: | Finn Totland | |
| | Knut Olav Pedersen | |
| | Kjell Milde | |
| | Kjell Magnus Økland | |

Årsmøtet vart heva kl. 17.25

Petedalsheia 77, 6. april 2011

Kjell Magnus Økland
Skrivar, Oselvarklubben

Revisjonsberetning 2010.

Undertegnede har revidert Oselvarklubbens regnskap for 2010. Revisjonen omfatter også eget regnskap for Oselvarklubbens bokprosjekt "Den levande båten".
Regnskapet er nøyaktig og ryddig ført. Hovedbok, bilagsmappe og bankutskrifter er gjennomgått og funnet i orden.

Regnskapet gir et korrekt bilde av Oselvarklubbens økonomiske situasjon.
Regnskapet for 2010 anbefales godkjent.

Bergen, 25/3 - 2011



Egil T Pedersen